

Høyring av verneplan for skog

Forslag til vern av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat, Hjartdal kommune i Telemark



Grove granlæger i høgareliggende parti av verneforslaget. Foto: Lars Erik Høitomt

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Mars 2024

Innhold	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	12
6. Faktaark.....	13
7. Framlegg til verneforskrift.....	18

Vedlegg: Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.



Rynkeskinn ved Gunnarstul. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til oppretting av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i Hjartdal kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilboden kom inn 4. juli 2019 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2019 som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsigte arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

”Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevædtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Vestfjellet og Svartejuv naturreservat vart meldt 29. oktober 2021 med namnet Svartejuv-Vestfjellet, og frist for fråsegner var 15. desember 2021. Statsforvaltaren melde oppstart på verneprosess for 28 områder i same brev. Vi har lista opp alle som kom med uttale til oppstartsmeldinga sjølv om dei ikkje har uttala seg om Vestfjellet og Svartejuv i Hjartdal.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Bane NOR (brev dagsett 02.11.2021) uttalar følgjande:

«Områdene som skal vernes liggjer langt fra jernbane. Bane NOR har ingen merknader.»

Bø Løypelag (e-post dagsett 12.11.2021) uttalar følgjande:

Bø Løypelag har berre uttala seg om oppstartsmeldinga for utviding av Stavsholtmyra naturreservat.

Språkrådet (brev dagsett 17.11.2021) uttalar følgjande:

«Våre merknader til dei einskilde namneforsлага følger nedanfor. Nokre av forslaga synest ikkje å vere dekkande for dei foreslårte naturreservata, og dette er kommentert nedanfor. Det er viktig å finne dekkande namn som samsvarar med lokalitetane, fordi ein status som naturreservat vil innebere at namna blir nytta, ikkje minst skriftleg.

7. Svartejuv-Vestfjellet, Hjartdal kommune

Namnet Vestfjellet er ikkje registrert i SSR eller heradsregisteret. Er dette eit namn som er kjent og nytta lokalt? Viss ikkje, bør Statsforvaltaren finne eit anna namn, eller nytte berre Svartejuv som namn på naturreservatet. Dersom naturreservatet skal ha eit dobbelnamn, tilrår vi å nytte bindeordet og framfor bindestrek.»

Statkraft (brev dagsett 23.11.2021) uttalar følgjande:

«Statkraft har som kjent en omfattende vannkraftutbygging i kommunene Tokke og Vinje som berører ulike vann og vassdrag - «Tokke-utbyggingen. Vi har ingen innvendinger til det varslede skogvernet, men det er viktig for oss at våre interesser og rettigheter i forhold til vannkraftanleggene blir ivaretatt på en forsvarlig og god måte, både når det gjelder avgrensing av verneområdet og evt. om nødvendig også i verneforskriften»

Statkraft har vidare uttala seg konkret om oppstart av verneprosess for Modalen i Tokke kommune.

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.11.2021) uttalar følgjande:

«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal*
- o Traktorveg i samband med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

Utforming av forskrift

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»

Forsvarsbygg (brev dagsett 07.12.2021) uttalar følgjande:

«Vi ser foreløpig ingen konfliktar med det føreslalte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemnd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemnd. Vi har ingen ytterligare merknader til verneframlegget nå.»

Skafsdøla Kraftverk ANS (brev dagsett 13.12.2021) uttalar følgjande:

«Viser til varsel av 29.10.2021 publisert på statsforvalterens hjemmeside der det varsles om planer for verning av skog. Skafsdøla Kraftverk har konsesjon for regulering av vannmagasinene Urvatn og Borsæ i forbindelse med drift av kraftverk øverst i Arendalsvassdraget. Vi har derfor interesser i området Modalen, som er et av områdene det varsles om.»

Vest-Telemark Kraftlag (dagsett 14.12.2021) uttalar følgjande:

Vest-Telemark Kraftlag har berre uttala seg om oppstart av verneprosess for Modalen i Tokke kommune.

Skagerak Energi/Skagerak Kraft (brev dagsett 14.12.2021) uttalar følgjande:

«Vi viser til brev av 29.10.2021 om «Melding om start av verneplanprosess for nye område for frivillig vern av skog i kommunene Drangedal, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Midt-Telemark, Nome, Notodden, Porsgrunn, Seljord, Tinn og Tokke», hvor Statsforvalteren i Vestfold og Telemark ber om synspunkt i tilknytning til verneplanarbeidet.

Skagerak Kraft AS vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gir anledning til å uttale seg. Skagerak konstaterer at brukseierforeningene i de aktuelle kommunene ikke er på høringslisten, dvs. Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) og Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB). Skagerak antar at dette skyldes en inkurie og at de involveres i det videre arbeidet. Et av områdene som foreslås vernet, Finndølagjuvet/Finndalstveit (område 4) berører AVBs interesser direkte, og vi har videresendt høringsbrevet til AVB. Vi har ikke sjekket verneforslagene som ligger i ØTBs reguleringsområde.

Tre av verneforslagene berører Skageraks interesser:

- Område 3, Sannesnåsa i Drangedal kommune
- Område 4, Finndølagjuvet/Finndalstveit i Fyresdal kommune
- Område 6, Kleppefjell, utvidelse i Hjartdal kommune.

Nedenfor følger våre kommentarer til de respektive verneforslagene.»

BirdLife Norge avdeling Telemark (brev dagsett 14.12.2021) uttalar følgjande:

«Kartlegging av fuglelivet i foreslårte verneområder

Vi er opptatt av at kartleggingsprosessen frem til endelig vern av skogsområder må inkludere kartlegging av fuglelivet i de aktuelle områdene. En gjennomgang av tidspunktene for kartleggingene av de aktuelle områdene i denne saken viser at et klart flertall skjer fra september til november. Noen få i august og én i juli. Flere arter av trekkfugl har allerede dratt fra landet i september. På sensommeren og høsten er det i tillegg mange fuglearter som ikke gjør så mye av seg eller til og med har flyttet seg ut av hekkeområdene, og disse kartlegges dermed best på senvinteren eller våren.

Et eksempel for å vise mangelfull kartlegging av fugl er rapporten fra Modalen i Tokke kommune. I løpet av 7 feltdager så var det enten ingen fuglearter som ble observert eller ingen som var viktige nok til å bli nevnt.

Et annet aspekt er at når man har feltarbeid for å påvise en del av de andre artsgruppene, så som lav, sopp, karplanter og biller, så krever dette så stor oppmerksomhet at det ofte kan bli vanskelig å få med seg det fuglelivet som må være i området med mindre man har dedikert personell til stede.

Om frivillig vern av skog

Sett bort i fra mangelfull kartlegging av fugleliv er BirdLife Telemark positive til frivillig vern av skog. Men det betyr ikke automatisk at alle områdene som blir foreslått for vern er like godt egnet til dette vernet.

Det er viktig at de områdene blir satt av til frivillig vern er av en slik verdi at det føles viktig å verne områdene. Når det er et mål at 10% av skogen i landet vårt skal vernes så er det viktig at skogen har stor nok verdi til å forsvare et vern, og at resurser ikke går med på vern av områder som er av lav verdi for biologisk mangfold.

Ettersom grunneiere får kompensasjon for å avgi et område til frivillig vern samt at det finnes begrensede midler til dette, så bør man også være tilbakeholdende med å verne områder uten så store verneverdier.

Forslag i forbindelse med verneplanarbeidet

BirdLife Telemark foreslår at de områdene som kun har lokal verneverdi (område 3, 5, 8, 9, 21 og 25) går ut av planene for frivillig vern og at de midlene som skulle blitt brukt til dette heller brukes ved en annen anledning når man får tilbud om områder som har høyere verneverdi.

Videre foreslår vi at områdene som har regional verneverdi blir fredet. Først og fremst innenfor de områdene som kartleggerne har vurdert som verneverdig, men i tillegg at man også tillater at et område rundt blir vernet som en fornuftig buffersone for de verneverdige områdene. Dette gjelder områdene; 2, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23 og 27. Samtlige av de foreslalte områder som har nasjonal eller internasjonal verneverdi bør bli vernet innenfor de rammene som er lagt.

Optimalt sett bør vern også på sikt innebære redusert omfang av jakt, spesielt på rødlistede arter.»

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (brev dagsett 15.12.2021) uttalar følgjande:

«Generell kommentar til verneplanarbeidet

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforsлага som nå ligg ute, viker i påfallande grad fra fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderinger er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle betydeleg meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må legge vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndighetene vernearbeid fagleg sett er forsvarleg. Under vil me kommentere to av dei føreslalte verneforsлага spesielt, begge lokalisert i Nome kommune.

.....

Avsluttande merknader

Naturvernforbundet i Midt-Telemark meiner at fleire interessante og viktige område i denne prosessen er blitt føreslalte for vern, men me ser også med ei viss bekymring på tendensen til å inkludere større areal med liten eller ingen verneverdi i dei ulike forslaga. Tilfella me har valt å kommentere ovanfor skil seg spesielt ut, og da i ein slik grad at Statsforvaltaren etter vår mening bør gjera vernesonene for desse to lokalitetane meir restriktive og meir i samsvar med fagbiologanes vurderingar.»

Statnett (e-post dagsett 16.12.2021) uttalar følgjande:

«Det vises til melding om oppstart av verneplanprosess - Frivillig skogvern på privat grunn - 28 områder i Telemark. Statnett har ikke transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.»

Arendals Vasdrags Brugseierforening (e-post dagsett 17.12.2021) uttalar følgjande:

Uttalen gjeld berre melding om oppstart av Finndalstveitjuvet (Votna) i Fyresdal kommune.

Dei sendte og inn følgjande kommentar same dag (e-post):

«*Hei, ettersending av tilsvarende dokumentasjon vedrørende vernebestemmelser.*

Vi påpeker at vi ikke er i mot vern generelt, men at alle våre hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt i områder hvor vannkraft/regulering grenser til eller kommer i konflikt med foreslalte verneområder.»

Vedlagt link

[https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793.](https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793)

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 20.12.20) uttalar følgjande:

«*DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.*

Saka gjeld oppstart av arbeid med vern av 25 nye skogområde og 3 utvidingar av eksisterande naturreservat. Føremålet med arbeidet er generelt å sikre areal med verneverdiar. Verneplanprosessane for områda vil i hovudsak gå føre i 2022 og 2023. Statsforvaltaren har som mål å tilråde så mange som mogleg til Miljødirektoratet slik at dei kan kome med på vernevedtak i 2022 og 2023.

Melding om oppstart gjeld følgjande områder:

Grønlifjellet, Krokvannskollen og Sannesnåsa i Drangedal kommune

Finndølajuvet/Finndalstveit og Songedalsnuten i Fyresdal kommune

Kleppefjell (utviding) og Svartejuv-Vestfjellet i Hjartdal kommune

Tåråqli i Kviteseid kommune

Stavholtsmyra (utviding) i Midt-Telemark kommune

Gongefjell, Husefjell, Linfjell-Lubergfjell, Meheifjellet, Sauåsen, Svartepuit og

Værstadfjellet i Nome kommune

Hyttedokkåsen, Skitnebufjellet (utviding), Tellerud-Øysteinstu og Tinnegrend i

Notodden kommune

Flata, Hanakne, Stjernås og Viersdalen i Porsgrunn kommune

Bjønneholun og Hønsegjuvet i Seljord kommune

Hovdestul i Tinn kommune

Modalen i Tokke kommune

Fråsegn frå DMF

Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ein langsiktig forvaltning av desse ressursane er derfor viktig. Dersom ressursane blir bygd ned eller bandleggast på ein annan måte, er dei i mange tilfelle utilgjengelig i overskueleg framtid.

DMF er i denne samanheng opptatt av at mineralressursar som har eller kan ha verdi i dag eller i framtida blir vurdert i verneprosessen. DMF har undersøkt om dei aktuelle verneområda kommer i berøring med mineralske ressursar, bergrettigheitar eller masseuttak i drift.

(DMF gir etter dette uttale til områda Husefjell, Hyttedokkåsen, Songedalsnuten og Sannesnåsa).

Øvrige områder

For dei resterande områda kan ikkje DMF sjå at vårt sektorområde er rørt, og har ingen merknader til desse.»

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 16.3.2022 (sendt inn etter fristen))

uttalar følgjande:

«Vi viser til melding om start av verneplanprosess for nye områder for frivillig vern av skog i kommunene Drangedal, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Midt-Telemark, Nome, Notodden, Porsgrunn, Seljord, Tinn og Tokke.

NVE har sett gjennom oppstartsmeldingen for de foreslårte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

.....

- *Så langt vi kjenner til er det nettanlegg nært områdene Hovdestøyl – Songedalsnuten, Kleppefjell (utvidelse), Tinnegrend, Hanakne, Viersdalen og Modalen. NVE ber netteiere uttale seg.*
- *I områdene Sannesnåsa, Finndalstveit-Finndølajuvet, Kleppefjell, utvidelse, Tårnli, Hyttedokkåsen, Skitnebufjellet, utvidelse, inkl. Nivelåsen, Svartejuv-Vestfjellet og Modalen er det ulike energi- og vassdragsinteresser i forbindelse med reguleringsmagasin og kraftverk. Nærmere kommentarer om områdene står beskrevet videre i dette dokumentet.*
- *NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer. NVE kan ikke se at brukseierforeningene i de aktuelle kommunene er på høringslisten, dvs. Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) og Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB).*
- *Skagerak Kraft AS har uttalt seg og vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg. AVB har blitt informert om vern av Skagerak Kraft AS og har uttalt seg. NVE støtter opp under Skagerak Kraft AS sin uttalelse og ber statsforvalteren ta uttalelsen til følge.*
- *Statnett har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen og informerer at de ikke har transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.*

▪ *Nettanlegg*

NVE gjør oppmerksom på at Telemark Energi AS (tidligere Midt-Telemark Energi AS), DE Nett AS (tidligere Drangedal Everk AS), Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (tidligere Vest-Telemark Kraftlag AS), Lede AS (tidligere Skagerak Nett AS), Everket AS (tidligere Notodden Energi Nett AS) og Stannum AS (tidligere Tinn Energi Nett AS) har områdekonsesjon i de ulike verneområdene. Vi oppfordrer nettselskapene til å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med eksisterende eller fremtidige prosjekter. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonærerne og

netteierne uttaler seg om aktuelle planer. NVE ber nettselskapene til å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

For at selskapene skal ha mulighet til å uttale seg videre i prosessen, ber vi om at de inkluderes i høringslisten. Som følge av lovkrav fra NVE har flere av nettselskapene endret navn. Det er viktig at riktig selskap med riktig navn blir inkludert i høringslisten.

I områdene Hovdestøyl – Songedalsnuten, Kleppefjell (utvidelse), Tinnegrend, Hanakne, Viersdalen og Modalen ligger nettanlegg nært, men utenfor foreslåtte verneområde. NVE ber nettselskapene vurdere om de trenger standardbestemmelser som sikrer drift og vedlikehold, inkludert sikringshogst med tilhørende motorferdsel. NVE ber også nettselskapene å vurdere bestemmelsene under for oppgradering og fornyelse. Selv om disse er en del av standardbestemmelsene blir ikke de inkludert hvis nettanlegg ligger utenfor verneområdet med mindre nettselskapene uttaler om de har behov for disse:

- § 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene:
 - o «Oppgradering eller fornyelse av eksisterende kraftledning for heving av spenningsnivået og økning av linetverrsnittet når tiltaket ikke skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig.»
- § 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser:
 - o «Oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4.»

Her har NVE satt opp ein tabell som viser områdekonsesjonærer i det områda med oppstart på verneprosess. For Vestfjellet og Svartejuv er det LEDE AS.

▪ **Kraftwerk**

Så langt vi kjenner til er det kraftverksinteresser i områdene Tårnli, Modalen, Svartejuv-Vestfjellet og Kleppefjell, utvidelse.

.....

- *I det foreslalte verneområdet Svartejuv-Vestfjellet ligger det et småkraftpotensial – Hjartsjø kraftverk.*

.....

Vi ber statsforvalteren sende verneforslaget til eierne av kraftverkene for å unngå at verneforslaget kommer i konflikt med drift, vedlikehold eller oppgradering av kraftverkene. NVE ber kraftverkseierne å uttale seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med drift og vedlikehold av kraftverket. Deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt.

▪ **Øvrige kommentarer til områdene**

.....

Svartejuv-Vestfjellet

I det foreslalte verneområdet ligger det et småkraftpotensial – Hjartsjø kraftverk. Hjartsjø kraftverk ble i 2008 vurdert som konsesjonspliktig. Det er grunneierne som står bak Hjartsjø kraftverk. Dersom de vil gå videre med prosjektet må de sende inn konsesjonssøknad.»

AT Skog (på vegne av ein grunneigar) dagsett 7. mars 2024:

Grunneigar av gnr./bnr. 60/6 ønskjer å utvide sitt tilbod til å omfatte ytterlegare 17 daa.

STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld innspelet frå Språkrådet vil Statsforvaltaren kommentere følgjande: Namnet Vestfjellet er i fylge grunneigarane brukt på fjellet som ligg inne i verneforslaget. Vi melde oppstart på namnet Svartejuv-Vestfjellet, og sidan Språkrådet foreslo å nytte ordet og mellom dei to namna har vi teke det til etterretning og foreslått namnet Vestfjellet og Svartejuv i den vidare verneprosessen.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men dersom det skulle vere aktuelt med beitedyr innanfor verneområdet er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 § 6 og § 7.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

I forhold til utsegna frå BirdLife Norge avdeling Telemark som ønskjer kartlegging av fugl i områda som inngår i oppstartsmeldinga av oktober 2021 vil vi kommentere at fugl ikkje inngår som ein fast del av kartleggingsoppdraget som konsulentfirma utfører (kartlegginga følgjer metodikken i handbok 13 frå Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet). Dette forklarar kvifor det kjem fram lite eller ingen kunnskap om fuglar i dei biologiske kartleggingane som gjennomførast som del av verneprosessen. I ein del tilfelle sit Statsforvaltaren sjølv på kunnskap om fuglelivet i tilknyting til tilbodsområde, som då blir synleggjort i høyringa for det enkelte område. Dette kan i enkelte tilfelle innebere at områder med for eksempel lokal verneverdi (*) hevast til ein høgare verneverdi (regional (**)). Statsforvaltaren er i prinsippet einig med BirdLife Telemark i at kartlegginga av fugl burde vore ein fast del av kartleggingane for å få fram mest mogleg om artsmangfold.

Når det gjeld uttala frå Skagerak Kraft AS så peikar dei på at det er særskilt viktig å få med alle relevante aktørar i verneprosessen. Statsforvaltaren meiner at dette har blitt fulgt opp ved at høyringa er sendt ut til aktuelle aktørar, samt at oppstart av verneprosess og høyring og vert kunngjort breitt i pressa og på våre heimesider.

Når det gjeld kommentarane til Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) så gjeld den først og fremst for regionen Midt-Telemark, og Statsforvaltaren har difor ikkje kommentar til deira uttale når det gjeld Vestfjellet og Svartejuv som ligg i Hjartdal kommune.

Når det gjeld uttala frå NVE peikar dei på fleire forhold kring verneprosessen, mellom anna at ein har grundige sakshandsamingsprosessar og at alle involverte interessentar gis moglegheit til å uttale seg. Difor er det viktig at aktuelle aktørar står på høylingslista. Statsforvaltaren viser her til vår kommentar til Skagerak Kraft

NVE peikar på at det er eit småkraftpotensial innanfor Vestfjellet og Svartejuv. Til det vil Statsforvaltaren kommentere at det er satt forslag til vernegrenser eit stykke opp i lia i samråd

med grunneigar/tilbydar ved Svartejuv med tanke på dei interessene. Om det vil vere aktuelt å justere grensa ytterlegare i dette bekkejuvet vil fråsegner i høyringa forhåpentleg bringe fram.

Når det gjeld tilbod om ei mindre utviding av areal på eigedom gnr./bnr. 60/6 formidla av AT Skog rett før høyringa så godtek Statsforvaltaren at dette tilleggsarealet vert teke med i høyring. Utvidinga utgjer ca. 17 daa. Det inneber at samla areal på verneforslaget aukar noko til 5011 dekar.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 14.mai 2024**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Vestfjellet og Svartejuv naturreservat har fått nasjonal verneverdi (***) . Tabellen under viser omfanget av verneplanen:

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Vestfjellet og Svartejuv naturreservat	Hjartdal	16	5011 daa	(***) nasjonal



*Gamalt samanbrot med mykje daudved av gran i seine nedbrytingsstadier NV for Lislestul.
Foto: Lars Erik Høitomt*

6. Faktaark

LOKALITET:	Vestfjellet og Svartejuv naturreservat
KOMMUNE:	Hjartdal
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	5011 daa
HØGDE OVER HAVET:	Ca. 123-864 m.o.h.
EIGEDOMAR:	Gnr./bnr.: 57/4, 57/8, 58/1, 58/6, 59/1, 60/1, 60/2, 60/4, 60/5, 60/6, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/6, 62/9.

Faktaarket for tilbodsområdet Svartejuv er skrive på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål. Enkelte avsnitt er redigert noko for å avgrensa lange tekstar. Kartleggerane har kalla området for *Svartejuv*, medan Statsforvaltaren i høyringa nyttar namnet *Vestfjellet og Svartejuv* på området etter forslag frå Språkrådet ved oppstartsmelding hausten 2021.

Feltarbeid

Området ble kartlagt i dagene 23-24/10- 2019. Undersøkelsesområdet anses godt nok undersøkt for å kunne presentere den mest hensiktsmessige avgrensing av verneverdig areal innenfor tilbuddt areal, og for å kunne foreta en rimelig sikker verdivurdering av området i henhold til gjeldende metodikk. Dette bl.a. med støtte av høyoppløselige ortofoto og økonomisk kartverk. Det var noe sent på året for å fange opp jordboende sopp.

Tidligere undersøkelser

Det er fra tidligere gjort noen naturfaglige undersøkelser i deler av undersøkelsesområdet. I vest ble den store bekkekløfta Svardegjuv kartlagt i 2008 i forbindelse med kartlegging av bekkekløfter i regionen (Reiso og Klepsland 2009). Lokaliteten Svardegjuv-BN00109281 er kartlagt som naturtypen bekkekløft og bergvegg med utformingen lavlands-granbekkekløft på Østlandet. Lokaliteten er vurdert som svært viktig (A-verdi) (Naturbase 2020). I forbindelse med prosjektet ble det gjort funn av rødlistede arter som huldregras, furuplett, grønnsko, gubbeskjegg, sprikeskjegg og rosenkjuke. Alle vurdert som nær truet (NT) på rødlista. I den østre delen av undersøkelsesområdet har det blitt gjort en god del registreringer av rødlistede arter. I 2018 ble det gjort tallrike funn av rosenjodskinn (EN-sterkt truet) og rosenkjuke (NT). Det ble også gjort enkelte funn av sjokoladekjuke (VU-sårbar) og svartsonekjuke (NT). Flere MiS-biotoper inngår i undersøkelsesområdet.

SKILDRING AV OMRÅDET

Det avgrensede verneforslaget omfatter en bratt, nordvendt liside sør for Teigan og Skårnes i Hjartdal kommune, Telemark fylke. Området strekker seg fra Geita i øst til litt vest for Svardegjuv. Avgrensningen omfatter arealer helt nede fra Hjartdøla og opp til Gunnarstulnuten.

Topografi

Området er svært topografisk variert og strekker seg frå Hjartdøla og opp til Gunnarstulnuten, og omfatter en høygradient mellom 123 og 864 moh. Lisida er oppbrutt av en rekke kjølformasjoner, berghammere, bergvegger og små gryteformasjoner. I Svardegjuv i øst skjærer en dyp bekkekløft gjennom lisida.

Geologi

Berggrunnen i området er todelt og består av rike glimmerskifre og metasandstein i de nedre partiene, mens på toppområdet finnes en stor front med fattig kvartsitt. Rundt Svartegjuv inngår et parti med fattig øyegneis og foliert granitt. Løsmassedekket er i hovudsak tynt med tynne og usammenhengende moreneavsetninger og humuslag. I de nedre partiene finnes enkelte tykkere moreneavsetninger. Fjellet stikker ofte i dagen på det skrinne toppområdet og i de bratteste partiene nede i lia.

Vegetasjonsgeografi

Vegetasjonsseksjon: O1-Svakt oceanisk, veggasjonszone: *sørboreal* 65% (ca. 2880daa) *mellomboreal* 35% (ca. 1550daa). Lokaliteten befinner seg i sørboreal og mellomboreal vegetasjonssone i svakt oceanisk seksjon (O1) (Moen 1998). Den nedre delen av lisida omfatter sørboreale skogområder, mens det øvre partiet opp mot toppområdet omfatter mellomboreal vegetasjon. De høyestliggende partiene ligger i overgangen til nordboreal vegetasjonssone (NB).

Økologisk variasjon

Store variasjoner i topografi, baserikhet, fuktighetsforhold/eksplosjon, og tørkeutsatthet, danner grunnlaget for en stor økologisk variasjon.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVIRKNING

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» naturtypar omtalt. Det er naturtypar som er gitt status etter kor stor risiko det er for av dei går tapt. Status er henta frå Norsk Raudliste for naturtypar 2018 frå Artsdatabanken. VU = sårbar.

Vegetasjonen i området viser ganske stor variasjon i baserikhet og tørkeutsatthet. I det bratte og lavere liggende delene av lisida finnes en grov mosaikk mellom fattigere og rikere skogtyper. De rike innslagene finnes særlig i litt sigevannspåvirkede områder hvor det foregår en anriking av mineraler og næringsstoffer. I de skrinne partiene, særlig på kjølformasjoner og berglendt mark finnes fattig lyngskog og bærlyngskog. Tresjiktet domineres av furu med varierende innslag av gran, osp, bjørk og selje. På tykkere humusdekke finnes blåbærskog. Dette er den dominerende typen innenfor verneforslaget og finnes i det meste av området, bortsett fra de høyestliggende områdene som er skrinne og domineres av mer tørkeutsatte typer.

I blåbærskogen dominerer grana i tresjiktet og i tillegg finnes en del furu samt noe bjørk, rogn, selje og osp. Innslaget av furu øker mot overgangen mot bærlyngskog. I området med sigevannspåvirkning, rike rasmarker og andre bratte partier med næringsrikt forvitningsmateriale finnes innslag av bærlyng-lågurtskog, lågurtskog og høgstaudeeskog. De rike skogtypene danner ofte en mosaikk med de fattigere skogtypene og i overgangen mellom blåbærskog og lågurtskog finnes ofte mindre partier med svak lågurtskog. Tresjiktet i de baserike typene varierer en god del.

Stedvis dominerer grana i tresjiktet, ofte med iblanding av enkelte hasselkratt, spisslønn og boreale løvtrær som rogn, bjørk, selje og osp. På rasmark, særlig i de lavereliggende partiene, finnes små partier med dominans av edelløvtrær som alm, spisslønn og hassel. Stedvis finnes også homogene blandingskoger som er sammensatt av de fleste treslagene som er nevnt over. På godt utviklet lågurtmark er feltsjiktet sammensatt av enkelte næringskrevende arter som myske, fingerstarr, markjordbær og blåveis. På høgstaudemark

finnes ofte en del bringebærkratt og næringskrevende urter som vendelrot, skogstorkenebb, rød jonsokblom, stankstorkenebb og hvitbladtistel.

I deler av granskogen har det tidligere foregått en del sammenbrudd på ganske store arealer. Her finnes i dag løvsuksesjoner bestående av bjørk, osp og rogn.

Den rødlistede naturtypen lågurtedellauvskog (VU) forekommer i lavereliggende områder i kjerneområde 4.

Gammel skog dominerer det meste av avgrenset areal, men det forekommer også små arealer med ungskog, tynningsskog og eldre produksjonsskog. Den gamle skogen er i varierende grad preget av historisk utnyttelse med eksempelvis plukkhogst, gamle kjerreveger og seterdrift, men det forekommer også områder med naturskogspreng. Stedvis er skogens alder begrenset av naturlige forstyrrelser som eksempelvis skred og ras, men det forekommer allikevel gamle trær spredt i nær sagt hele det avgrensede arealet. Det er på det jevne rikelige forekomster med død ved av gran, og det er i hovedsak bred spredning i nedbrytningsstadier. Dette gjenspeiles i artsinventaret med flere påviste arter med krav til kontinuitet i død ved. Død ved av andre treslag opptrer mer som enkeltelementer eller i partier. Samlet sett er området lite preget av inngrep i nyere tid.

Det ble avgrenset ni kjerneområder innenfor avgrenset areal. Av disse er syv lokaliteter vurdert som svært viktige (A-verdi) og to som viktige (B-verdi). Kjerneområdene oppnår tre stjerner (nasjonal verdi) på syv av 13 kriterier (urørthet, død ved mengde, død ved kontinuitet, topografisk variasjon, vegetasjonsvariasjon, arter og størrelse), samt to stjerner (regional verdi) på fire kriterier.

VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utsletting. Status er hentet fra Norsk Raudliste 2015 (som var gjeldende i 2019), fra Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

Totalt 17 rødlistede arter (2 EN, 3 VU, 9 NT) er registrert i området. Det er et videre potensial for krevende arter knyttet til gammelskogselementer av gran, men også jordboende sopp, både på lågurtmark i edelløvskog og barskog, samt et visst potensial for krevende moser stedvis på rike bergvegger og i flommark.

Avgrenset areal innehar forholdsvis stor topografisk variasjon, en del variasjon i tykkelse og rikhet i løsmassene, samt relativt store arealer med gammel skog med kontinuitetsbærende strukturelementer. Dette gjenspeiles i en forholdsvis stor artsdiversitet med krevende arter påvist innen flere artsgrupper. Den sterkt truede rosenjodskinn *Amylocorticium subincarnatum* (EN) ble påvist på 17 læger, og prikkporekjukke *Skeletocutis jellicii* (EN) ble også påvist flere steder. Rosenkjukke *Fomitopsis rosea* (NT), rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT) og svartsonekjukke *Phellinus nigrolimitatus* (NT) er vanlig forekommende i området.

I tillegg er huldregras *Cinna latifolia* (NT) og gul snyltekjukke *Antrodiella citrinella* (VU), bølgekjukke *Spongiporus undosus* (NT) og blanknål *Calicium denigratum* (NT) påvist i området. Fra før er pelsblæreremose *Frullania bolanderi* (VU), grønnsko *Buxbaumia viridis* (NT), gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) og sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT) registrert i området. I tillegg til ovennevnte arter ble flere signalarter for kontinuitet i skog registrert, som eksempelvis granrustkjukke *Phellinidium ferrugineofuscum* og piggbroddsopp *Asterodon ferruginosus*. Det er et videre potensial for krevende arter knyttet til gammelskogselementer av gran, men også jordboende sopp både på lågurtmark i edelløvskog

og barskog, samt et visst potensial for krevende moser stedvis på rike bergvegger og i flommark.

En del av skogen nederst mot dalbunnen er påvirket av hogstinngrep, men utviklingspotensialet regnes som stort, fordi skogen står på svært produktiv mark. Denne skogen vil på relativt kort sikt kunne utvikle kvaliteter som er viktige for kravfulle arter innen mange artsgrupper. Verneforslaget slik det framstår i dag dekker inn en stor del av den lokale naturvariasjonen i lisida med unntak av den mest produktive skogen og flompåvirkede skogen helt nederst i dalen langs Hjartdøla.

Det forekommer partier med ung skog i avgrenset areal, men gammel skog dominerer skogbildet. Stedvis forekommer partier med naturskogsnær skog og det er på det jevne rikelige forekomster med død ved av gran med bred spredning i nedbrytningsstadier. Død ved av andre treslag opptrer mer som enkeltelementer eller i partier. Død ved mengde/kontinuitet og urørthet oppnår følgelig høy vekt (**), og gamle bartrær middels (**).

Området Svartejuv vurderes samlet som **nasjonalt verneverdig** (***)

Området Svartejuv oppnår *høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper* som følge av over 500 daa bekkekløft som har stort udekket vernebehov i fylket, samt over 450 daa gammel granskog som har middels udekket vernebehov i fylket. I tillegg forekommer små arealer med alm-lindeskog og gråor-heggeskog. Lokaliteten oppnår *middels mangeloppfyllelse på generelle mangler* som følge av over 250 daa lavlandsskog og over 250 daa biologisk gammel skog. Området Svartejuv *oppnår samlet høy mangeloppfyllelse*.

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som har særleg betydning for biologisk mangfold på grunn av førekomst av lågorutedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreng med rikeleg førekomst av daud ved.

Området har særskilt naturvitenskapleg verdi på grunn av stort artsmangfold med førekomst av ei rekke sjeldne og truga arter av karplanter, lav, moser og sopp.

ANDRE INTERESSER

Det er ikkje kjend andre interesser i foreslått verneområde på noverande tidspunkt i verneprosessen. Om det skulle vere det håpar Statsforvaltaren at det kjem fram i høyringa.

TEKNISKE INNGREP

Det er ein traktorveg innanfor vernegrensa i aust (startar i dalbotnen), og denne held fram som sti vidare inn og opp i verneområdet. Dette er vist i forslag til vernekart.

PLANSTATUS

Arealet ligg i område satt av til LNFR- (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanens arealdel.

MERKNADER

Ingen merknadar.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksopplysningar for tilbodsområdet (alle eigedomar samla).

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Snaufjell	Vatn	Imp.	m ³	m ³
Vestfjellet og Svartejuv NR	4957	126	1122	3088	4336	21	274	3	328	0,216	54318

Skogbruksopplysningane er levert av AT Skog. Tala kan ha endra seg noko i løpet av prosessen fram mot høyring etter som noko areal er teke inn/ut enkelte stader sidan tilbodet kom inn til Statsforvaltaren.

LITTERATUR

Moen, A., 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss, 199 s.

Reiso S., Klepsland J. 2009. Naturverdier for lokalitet Svartegjuv, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2008. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.
<http://borchbio.no/narin/?nid=2078>

Høitomt, L. E. og Brynjulvsrud, J.G. 2020. Naturverdier for lokalitet Svartejuv, registrert i forbindelse med prosjekt Frivillig vern 2019. NaRIN faktaark. BioFokus. (Weblink til alle bildene fra lokaliteten: <https://biofokus.no/narin/?nid=7804>)



Svartsonekjuke på middels nedbrote granlåg. Foto: Lars Erik Høitomt

7. Framlegg til verneforskrift

Kommentarar til forskrifa

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltagarar. Er det fleire deltagarar må det søkjast om løyve, og då kan forvalningsstyremakta vurdere dette i høve til § 7 bokstav f.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar.

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggast til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav b til rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seja at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsloven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftslovens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700-1000 daa). Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til forskrift om vern av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i Hjartdal kommune i Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å verne eit skogområde som har særleg betydning for biologisk mangfold på grunn av førekomst av lågurtedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreng med rikeleg førekomst av daud ved.

Området har særskilt naturvitenskapleg verdi på grunn av stort artsmangfold med førekomst av en rekke sjeldne og truga arter av karplanter, lav, moser og sopp.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Hjartdal kommune: 57/4, 57/8, 58/1, 58/6, 59/1, 60/1, 60/2, 60/4, 60/5, 60/6, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/6, 62/9.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 5011 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Hjartdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrlivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sinking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk

- d. beiting
- e. vedlikehald av eksisterande traktorveg og sti vist på vernekartet i samsvar med standard på vernetidspunktet
- f. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. utsetting av saltstein
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt
- i. brenning av bål med tørrkvist fra bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande traktorveg og stiar.

§ 6. (generelle unntak fra reglane om ferdsel)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på traktorveg vist i vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvalting av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt storvilt med andre kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnd i § 6 annet ledd b
- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. hogst av etablerte plantefelt
- g. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d
- h. øvingskjøring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- i. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e og g, og § 7 bokstav a, b, d og f.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak fra forskrifterna dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Daudved av osp i ulike nedbrytingsstadier. Foto: Lars Erik Høitomt